



Luster kommune
Landbruk og naturforvaltning

Det kgl. landbruks- og matdepartement
Postboks 8007

0030 OSLO

Gaupne, 20.04.2006

Arkivsak: 06/00583

Arkiv nr.: IV5/

Sakshands: Steinulf Skjerdal

Landbruks- og matdep.	
Saksno: 06/143	Doknr: 33
Mottatt: 21 APR 2006	MP/SDB
Sjef: MBB	Arkiv: 713
Ansvar:	Avskrift:


MELDING OM VEDTAK
HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV LOV 15.JUNI 2001 NR.75OM
VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSEPERSONELL

Det vert med dette gjeve melding om at Formannskapet har gjort slikt vedtak i møte den 19.04.2006, sak 0046/06:

”Under føresetnad av at ikkje kommunane vert økonomisk skadelidande av omlegginga, har ikkje Luster kommune noko å merka til at veterinærordninga vert eit kommunalt ansvar og har heller ikkje noko å merka til dei føreslegne endringane i dyrehelsepersonellova som følgje av dette.

Kommunen forutset at:

- 1. Utrekningsgrunnlaget for kommunen sin kompensasjon for vaktberedskap vert basert på ei vaktordning som kun omfattar kommunane Luster, Sogndal og Leikanger.**
- 2. LMD skaffar seg full oversikt over dagens økonomiske deltaking frå den einskilde kommune si side for å oppretthalda ei forsvarleg veterinærdekning, og kompenserer dette fullt ut når nivået på statleg overføring skal fastleggjast.”**

Med helsing

Steinulf Skjerdal
landbrukssjef

ADRESSE:
Rådhuset
6868 GAUPNE

TELEFON:
Sentralbord:
57 68 55 01

TELEFAX
57 68 55 01

E-POST ADRESSE:
postmottak@luster.kommune.no

ORGANISASJONSNR.
964 968 241
Bankgiro:
3785.07.00142

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Oversendingsbrev frå LMD med forslag til endring av dyrehelsepersonellova
Innspeil i saka frå Den Norske Veterinærforening

Uprenta vedlegg:

Samandrag:

Eit utval nedsett av Landbruks- og matdepartementet i 2004 (Sagelvmo-utvalet) har føreslege at kommunane skal overta det fulle ansvaret for at det finst ei tilfredsstillande veterinærdekning og ansvaret for den kliniske veterinærvakta. Overføring av ansvar til kommunane kan ikkje gjerast utan heimel i lov. For at endringane skal kunna gjennomførast, er det difor naudsynt å endra aktuelle paragrafar i dyrehelsepersonellova. Endringsforslaget er sendt kommunane med frist for uttale 15. mai 2006. Dersom ikkje kommunane vert økonomisk skadelidande som følge av ei omlegging, skulle det ikkje vera noko å merka til at veterinærordninga vert eit kommunalt ansvar. Regjeringa legg opp til at alle nye oppgåver som vert pålagde kommunal sektor, skal vera fullfinansiert. På noverande tidspunkt må det likevel seiast at ein ikkje har full oversikt over den økonomiske kompensasjon som vert kommunane til del etter omlegginga.

Utval som har vedtaksmynde:

Formannskapet

Fakta:

Det økonomiske grunnlaget for veterinærtenester er av ulike årsaker dei seinare åra vorte svekka i store deler av landet. For å møte desse utfordringane sette Landbruks- og matdepartementet i 2004 ned eit utval (Sagelvmo-utvalet) som mellom anna skulle vurdere korleis det offentlege kan medverka til at ei forsvarleg veterinærdekning kan oppretthaldast i heile landet.

Utvalet lagde fram si innstilling i september 2005 og føreslo mellom anna at kommunane skulle overta ansvaret for:

1. at det finst ei tilfredsstillande veterinærdekning og
2. ansvaret for den kliniske veterinærvakta

Ev. overføring av ansvar til kommunane kan ikkje gjerast utan heimel i lov. For at endringane skal kunna gjennomførast, er det difor naudsynt å endra aktuelle paragrafar i dyrehelsepersonellova

Dyrehelsepersonell yter tenester til brukarane som sjølvstendig næringsdrivande og brukarane betalar for dei konkrete tenestene som vert ytt. For å utjamna kostnaden mellom brukarane som nyttar seg av tenestene, er det over jordbruksavtalen stilt midlar til disposisjon til dette (skyssgodtgjering). Etter dagens ordning ligg det også inne midlar i statsbudsjettet til vaktberedskap.

Det marknadsmessige grunnlaget for veterinærverksemd varierer frå distrikt til distrikt. For å sikra tilfredsstillande tilgang på tenester har det difor vore vanleg at kommunane har sett inn eigne tiltak – kommunale stillingar, etableringstilskot/driftsstøtte, samarbeid over kommunegrenser o.l.

Departementet ser føre seg at det vil bli trong for ei viss styrking av dei midlane som i dag vert brukte av kommunane på friviljug basis, noko som vil bli nærare omtala i kommuneøkonomiproposisjonen som vert lagd fram våren 2006.

Regjeringa legg opp til at alle nye oppgåver som vert pålagde kommunal sektor skal vera fullfinansiert. Planen er at kompensasjon til kommunane skal innarbeidast i det ordinære rammetilskotet, ev. etter øyremerking av tilskotet i ein overgangsperiode.

Innspel i saka frå Den Norske Veterinærforening til høyringsinstansane, sendt kommunane v. ordføraren, følger som vedlegg.

Vurdering:

Dersom ikkje kommunane vert økonomisk skadelidande som følgje av omlegginga, skulle det ikkje vera noko å merka til at kommunane overtek ansvaret for veterinærordninga. På noverande tidspunkt må det likevel seiast at ein ikkje har full oversikt over den økonomiske kompensasjon som vert kommunane til del etter omlegginga. Staten har mellom anna enno ikkje skaffa seg oversikt over kor mykje den einskilde kommune yter til veterinærtenesta i dag.

Når det gjeld kommunane sin kompensasjon for vaktberedskap, må ein rekna med at kostnaden med å drifra dagens vaktområde vil bli lagd til grunn. Her er det grunn til å peika på at vaktområdet som Luster kommune no er del av, også omfattar kommunane Vik og Balestrand i tillegg til tidlegare Luster veterinærdistrikt (Luster, Sogndal og Leikanger). Ved å gjera vaktområda større, vil ein med mindre bemanning enn tidlegare likevel kunna seia at det eksisterer vaktberedskap i alle kommunane. Men på grunn av ferjestrekningar som ikkje vert trafikert om natta, har denne løysinga vore sett på som lite tilfredsstillande frå alle dei berørte kommunane si side. Utrekningsgrunnlaget for vaktkompensasjon bør difor baserast på eit vaktområde som kun omfattar gamle Luster veterinærdistrikt.

Dato 18.04.2006

Tore Eriksen
rådmann



Steinulf Skjerdal
landbrukssjef

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til:

Det kgl. landbruks- og matdepartement